

Universell utforming Knarvikhallen og Knarvik klatrehall

Tilkomst og parkering:

Anlegget får HC P-plassar ved inngang, fast dekke og trinnlaus tilkomst derifrå til hovuddør. Inngangsparti er overbygt. Hovudinngang og inngang frå vindfang til vestibyle får automatisk opning og lukking. Det vert trinnlaus tilkomst herifrå til alle bruksrom på første trinn.

Heis 5m2 vert plassert like ved inngangsparti.

Inngang til trapperom vert plassert ved sidan av heis, trapper får håndlist på begge sider. Lys i trapp vil ha vert 261 lux midlere verdi.

Vestibyle:

Publikumstolett vert plassert med direkte inngang frå vestibyle. 2 av 6 publikumstolett får universell utforming. Vaktrom/kiosk har direkte inngang frå vestibyle og univesell utforming.

Kampsportrom, klatrehall og publikumsinngang til hall vert direkte frå vestibyle.

Inngang til garderobeområde vert direkte frå vestibyle. Eit garderobe-sett, og ein instruktørgarderobe vert universelt utforma dusj.

Glasflater vestibyle vert foliert i høve krav for universell utforming.

Informasjon og merking:

Detaljplanlegging av informasjon, skilting, ledelinjer, bruk av fargekontrastar på brytarar mm er medtatt i totalentepriise med Skanska, men ikkje detaljplanlagt ved søknadsfrist for spelemidlar.

Infoskjerm vert montert i vestibyle, både nær hovudinngang og ved inngang mot hall/klatrehall/trimsal.

Lyd:

Prosjektet er utført etter akustiske krav i høve standard; «NS 8175 lyd i bygningar klasse C»

Hall er prosjektert med etterklangstid på 1,5 sekund. Himling er perforert for å gje betre akustiske tilhøve i hallen. Det vert montert trespliekledning på vegg opp til 4.2 m, og spesial-gipsplater tilpassa ballspel på kortveggar i hall.

Teleslynge vert montert i alle fellesrom.

For trenarar/tilsette:

HC parkering, enkel tilkomst, heis og HC instruktørgarderobe gjer anlegget tilgjengeleg for trenarar/lærarar. Heis og trinnlaus tilkomst til teknisk rom, vaktmeisterrom og reinhaldssentral gjer moglegheit for tilsette innan eigedomsdrift.

Montering av lysstyring og styring for skilleveggar skal monterast slik at dei er lett tilgjengeleg.

Garasjeportar mot utstyrslager får motordrift.

Publikum:

Direkte tilkomst frå vestibyle til tribune. HC tribuneplassar nær midten av langsida langs hovudbana.

Tryggleik/brannvarsling:

Anlegget skal utførast i øve krav i forskrift.

Rømmingsdørrar med elektrisk avlåsing, skal overstyrast av brannvarslingsanlegget til ulåst tilstand.

Bruk av materialar:

Totalentepreise stiller krav om at ingen materialar på SFT si OBS-liste skal nyttast. Vidare skal det ikkje nyttast produkt med helsefaremerking dersom det finnast alternativ. Det er stilt krav om at det ikkje vert nytta materialar som ikkje er utprøvd, også for langtidseffekt.

Særlege produkt som ikkje kan nyttast:

- PVC-haldige produkt med mindre det kan dokumenterast at det ikkje finnast alternativ. Unntak: PVC-takfolie kan nyttast.
- Materialer og andre produkt tilverka av tropiske tresortar.
- Materialer som er impregnert med tungmetall eller arsenhaldige antiråtemiddel.
- Open mineralullisolasjon.
- Ubehandla betong og andre flater som avgir støv.
- Disocyanater/polyuretan eller andre fuge/tetningsmasse, lim etc som avgir giftige gassar ved bruk eller brann.
- Produkter som inneheldt EDHP-mjuknarar.

Vidare er det stilt krav om at material mot overflate skal ha høg motstand mot slitasje, vera smussavvisande, ha vaskbar overflate og lågt behov for pleiemidlar.

Dimensjon/kapasitet på ventilasjonsanlegg

Tabell 4. Inndata for ventilasjon i energiberegningene.

| Element | Verdi Skoleseksjon | Verdi Idrettsseksjon |
|---|-----------------------|-------------------------|
| Tilluft i driftstid [m ³ /hm ²] | 14,07 | 9,45 |
| Tilluft utenfor driftstid [m ³ /hm ²] | 2,00 | 2,00 |
| Estimert årsgjennomsnittlig temperaturvirkningsgrad for varmegjenvinner [%] | 82 | 83 |
| SFP-faktor i driftstid [kW/m ² s ⁻¹] | 1,28* | 1,62* |
| SFP-faktor utenfor driftstid [kW/m ² s ⁻¹] | 0,90* | 0,86* |
| *SFP-faktorer er kalkulert iht. NS 3031, med data fra prosjekterte aggregat | | |

TABELL 30.01 - DIMENSJONERENDE KRAV TIL ROMKLIMA

| Romtype | Operativ temperatur | | | | Luft-hastighet | | Friskluft-mengde min. | | Støykrav | Anmerk. |
|-------------------------|---------------------|------|--------|-----|----------------|------|-----------------------|-------------------|----------|--|
| | Sommer | | Vinter | | 20°C | 25°C | pr. m ² | pr. pers. | | |
| | Min | Maks | Min | Dag | | | | | | |
| | °C | °C | °C | °C | m/s | m/s | m ³ /h | m ³ /h | | |
| Klasserom | 21 | 26* | 15 | 20 | 0,15 | 0,20 | 25 | | 32 | Forutsetter kjøling |
| Kontor | 21 | 26 | 15 | 20 | 0,15 | 0,20 | 15 | | 35 | |
| Landskap inkl. korridor | 21 | 26 | 15 | 20 | 0,15 | 0,20 | 15 | | 35 | |
| Møterom etc. | 21 | 26 | 15 | 20 | 0,15 | 0,25 | 25 | | 32 | |
| Kjøkken | 21 | 26 | 15 | 20 | 0,20 | 0,25 | 30 | | 40 | Beregnes avh. av utstyr |
| Kantine | 18 | 26 | 15 | 20 | 0,15 | 0,25 | 20 | | | |
| Kopirom | 20 | 26 | 15 | 20 | 0,20 | 0,25 | 5 | | 35 | |
| Flerbrukshall | 18 | 26 | 15 | 20 | 0,15 | 0,25 | | 26 | | idrettsbruk |
| Garderobe | 22 | 26 | 15 | 22 | 0,20 | 0,20 | 15 | | 35 | Overstrømning til WC, dusj |
| Lager, birom | 20 | 26 | 15 | 20 | - | - | 5 | | 35 | Avtrekk overstrømning |
| WC | 22 | 26 | 15 | 20 | 0,20 | 0,20 | 100* | | 35 | Luftm. pr. sete, avtr./overstrømn. |
| Dusj | 22 | 26 | 15 | 22 | 0,20 | 0,25 | 125* | | 35 | Luftm. pr. dusjhode, avtrekk overstrømning |
| El. Hovedfordelingsrom | 5 | 30 | 5 | 5 | - | - | 5 | | 50 | |
| Varme-, kjøle sentral | 5 | 30 | 5 | 5 | - | - | 5 | | 50 | |
| Varemottak | 15 | 30 | 10 | 15 | 0,15 | 0,20 | 5 | | 35 | |
| Vent. rom | 5 | 30 | 5 | 5 | - | - | - | | 70 | |
| Tekniske rom | 5 | 30 | 5 | 5 | - | - | 5 | | 40 | |